



Arvid Monstad  
Lurevegen 557  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7149 - 15/3567

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
16.02.2015

## Gbnr 155/8 Monstad. Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet.

I sak 010/15 gjorde Plan- og miljøutvalet følgjande vedtak:

### «Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i pbl §19-2 gjev Lindås kommune ikkje dispensasjon for deling av grunneigedom gbnr 155/8 slik det er søkt om.

Med heimel i pbl §20-1 gjev Lindås kommunen ikkje løyve til å dele frå 1,3da tomt til bustadbygging frå gbnr 155/8 slik det er søkt om.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

### Plan- og miljøutvalet - 010/15

#### PM - behandling:

##### Fellesframlegg:

-Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon for deling av grunneigedom gbnr 155/8 slik det er søkt om.

-Plan- og miljøutvalet gjev løyve til å dele frå 1.3 da tomt til bustadbygging frå gbnr 155/8 slik det er søkt om.

Drøftinga i saka belyser på ein god måte fordelar og ulemper ved eit eventuelt løyve. Plan og miljøutvalet finn at fordelane er vesentleg større enn ulempene. Hensyna bak bestemmelsene i kommuneplan vert ikkje vesentleg tilsidesett. Plan- og miljøutvalet vektlegg spesielt tungt fordelane ved busetjing i området og utnyttelsen av "inneklemt areal". Det stilles som vilkår for deling av VVA til den fråskilte parsellen er sikra før deling og kartforretning skjer.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### PM - vedtak:

-Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon for deling av grunneigedom gbnr 155/8 slik det er søkt om.

-Plan- og miljøutvalet gjev løyve til å dele frå 1.3 da tomt til bustadbygging frå gbnr 155/8 slik det er søkt om.



Drøftinga i saka belyser på ein god måte fordelar og ulemper ved eit eventuelt løyve. Plan og miljøutvalet finn at fordelane er vesentleg større enn ulempene. Hensyna bak bestemmelsene i kommuneplan vert ikkje vesentleg tilsidesett. Plan- og miljøutvalet vektlegg spesielt tungt fordelane ved busetjing i området og utnyttelsen av "inneklemt areal". Det stilles som vilkår for deling av VVA til den fråskilte parsellen er sikra før deling og kartforretning skjer.»

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf.Pbl §21-9.

**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunestyret 20.03.2014 gjeldande frå 31.03.2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Dispensasjon frå arealplanen	kr. 8500,-
Deling som ikkje er i samsvar med arealføremålet	kr. 7900,-
Deling etter jordlova	kr. 2000,-
Sum	kr.18400,-

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine føresegner. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk kunnskap om avgjerda, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Statens vegvesen, Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

**Mottakarar:**  
Arvid Monstad

Lurevegen 557 5912

SEIM